



Møteprotokoll

Møtedato: 24. April 2020

Møtetid: Kl. 13:00 – 16.05

Møtestad: Fjernmøte

Saknr.: 09/20 - 25/20

Følgjande medlemmar møtte

Håkon Sjøstad (Leiar)
Kariann Myklebust Fagerli (Nestleiar)
Jessica Haaland (Medlem)
Malene Friberg (Medlem)
Magne Fure (Medlem)

Følgjande medlemmar møtte ikkje

Følgjande varamedlemmar møtte

Følgjande frå administrasjonen møtte

Merknad til innkallinga

Følgjande frå Vest Kontroll møtte

Jostein Støylen Dagleg leiar
Jorunn Sandal Spesialrådgjevar

Følgjande frå Kommunerevisjonen Vestland revisjon møtte

Asgeir Tveit. Oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor
Kay Rune Solheim. Revisor
Terje Førde. Dagleg leiar

Følgjande saker vart handsama

- SAK 09/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 10/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 11/20 MELDINGAR
- SAK 12/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 13/20 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 14/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 – SELJE KOMMUNE
- SAK 15/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 –SELJE KOMMUNE
- SAK 16/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 EID KOMMUNE, EID FJORDVARME KF OG EID INDUSTRIHUS KF
- SAK 17/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 EID FJORDVARME KF
- SAK 18/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 EID INDUSTRIHUS KF
- SAK 19/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 - EID KOMMUNE
- SAK 20/20 AJOURFØRT MØTEPLAN 2020
- SAK 21/20 BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE FOR FORVALTNINGSREIVISJON
- SAK 22/20 BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – KJØLSDALEN BUSTADFELT
- SAK 23/20 REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT
- SAK 24/20 ENGASJEMENTSBREV STAD KOMMUNE FRÅ REVISJONEN
- SAK 25/20 BRUK AV HASTEPARAGRAF

Utskrift møteprotokoll: Kommunestyret som melding til neste møte, ordfører og rådmann som orientering og kontrollutval med vara for godkjenning til neste møte.

Signatur:

Håkon Sjøstad

Magne Fure

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	10.03.2020	24.04.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Magne Fure.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	049	10.03.2020	24.04.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 07.02.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 07.02.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/20	033&17	07.04.2020	24.04.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Kontrollrapport – Årsrapport 2019 Skatteoppkrevjarfunksjonen for Eid kommune.
2. Kontrollrapport – Årsrapport 2019 Skatteoppkrevjarfunksjonen for Selje kommune.
3. Vedlegg til skatteetatens kontrollrapport for 2019 (tabell og kommentar).
4. Frå bladet Kommunal økonomi, nr 3. 2020 – «Ny inkassolov raserer kommunal innkreving».
5. E-post, av 07.04.2020 «Okla vindkraftanlegg - Sak sendt frå kontrollutvalet i Selje kommune».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	033&58	03.04.2020	24.04.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på det noverande tidspunkt, ikkje merknadar til dei gjennomgådde møteprotokollar.

Kontrollutvalet oppmodar om at det i saker med habilitetsvurdering vert vist til kva heimel vurderinga er gjort ut frå.

I møtet

Kontrollutvalet registrerer at lovheimel vedkomande habilitetsvurdering i ikkje er påført i følgjande møter/saker:

- Formannskapet møte, 12.03.2020 sak 20/033 INVIRO Nordfjord Virtuelle Campus. Paul Jacob Helgesen.
- Kommunestyret møte, 06.02.2020 sak 20/020 Fjordvarme Selje og Leikanger – oppstart forprosjekt. Hans Petter Gilleshammer.
- Utval for areal og eigedom, møte 10.03.2020 sak 20/023 Standard for vintervedlikehald og beredskap på kommunale vegar. Reiel Fagerlid

Kontrollutvalet er nøgd med at årsaka til habilitetsvurderingane går fram.

Utvalet meiner at lovheimel også må vere med i tilfeller der personar blir kjent inhabile, og oppmodar også om å føre på kva lovheimel habiliteten vert vurdert utifrå, uansett.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:		12.03	
Eid industrihus KF:		20.03	30.03
Eigedomsskatt – Klagenemnd:			
Eigedomsskatt – Sakkunnig nemnd:			
Finansutvalet:		26.03	
Nordfjordrådet:		17.02	23.03
Stad eldreråd:		09.03	
Stad Fjordvarme KF:		23.03	
Stad formannskap:	30.01	12.03	
Stad kommunestyre:		06.02	
Stad kontrollutval:			
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:		09.03	
Stad ungdomsråd:	27.01	09.03	
Utval for areal og eigedom:	28.01	10.03	
Utval for helse og omsorg:	28.01	11.03	
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring:	28.01	10.03	
Utval for oppvekst og opplæring:	29.01	11.03	

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/20	033	23.03.2020	24.04.2020	KS/JS

ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET I STAD 2020

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsplan for 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagte årsplan for kontrollutvalet 2020.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/20	216	04/22.04.2020	24.04.2020	JOS/JS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 SELJE KOMMUNE

Samrøystes vedtak:

Ut over det som kjem fram nedanfor har Kontrollutvalet, ut frå kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

Vedlegg

1. Oppfølging frå revisjonen
2. Orientering frå revisjonen (PowerPoint-presentasjon)

Opplysning

Tre revisjonseiningar for kommunar og Sogn og Fjordane Fylke er gått saman i Vestland Revisjon frå 01.01.2020. Tidlegare oppdragsansvarleg revisor for Selje Kommune er pensjonert. Det er derfor blitt ny oppdragsansvarleg revisor frå 01.01.2020 som har signet revisjonsmeldinga for 2019.

Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre. NB

I Kommunelova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgåve er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommunelova av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.
Ny oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgt opp.
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.
Oppdragsansvarleg revisor har levert skriftleg eigenvurdering 21.04.20.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.
*Revisor si uavhengigheitserklæring er fersk, sjå punkt 3.
Vi føreset at oppdragsansvarleg- og stadleg revisor vil vurdere si uavhengigheit fortløpande og rapportere om eventuell endring.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
*Kommunerevisjonen i Nordfjord har gjort revisjonsarbeidet gjennom året. Vestland Revisjon har utført årsoppgjersrevisjonen.
Kontrollutvalet og Sekretariatet har pr no kun kort tids erfaring med Vestland Revisjon. Vår kjennskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring og erfaring med Kommunerevisjonen i Nordfjord.
Siste kvalitetskontroll av Kommunerevisjonen i Nordfjord frå Norges Kommunerevisorforbund NKRF var i 2017. Kontrollen blei gjort på einiga generelt. Vi har fått munnleg opplyst av dåverande oppdragsansvarleg at kontrollen ikkje spesifikt dreia seg om revisjonsarbeidet for Selje Kommune. Kontrollen avdekka*

vesentlege feil og manglar. Oppfølging med nye kontrollar blei gjennomført i 2018 og 2019. Siste oppdatering frå NKRF pr. 25.11.19 viser at forholda er betra og kvalitetskontrollen no er godkjent. Vi forventar at dei utilfredstillande tilhøva som NKRF peika på blir handtert vidare i Vestland Revisjon i samsvar med lov, forskrifter, god revisjonsskikk og god revisorskikk.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har løpande orientert Kontrollutvalet i Selje om saka. Fleire tilsette i Vestland Revisjon vil vere tilstades i møte og orientere og svare på spørsmål.

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
Kontrollutvalet har ikkje hatt samarbeidsavtale med revisjonen. Dette vil vi jobbe for å få til med Vestland Revisjon i 2020.
7. Revisjonsstrategi.
Nordfjord Kommunerevisjon skulle orientere Kontrollutvalet om revisjonsstrategi og løpande revisjon for 2019 i møte 22.10.19, men kunne likevel ikkje møte. Notat datert same dag om løpande revisjon blei delt ut i møtet.
8. Nummerert brev.
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.
9. Mislegheiter.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
10. Revisjonsmeldinga.
Revisjonsmelding datert 21.04.2020 ligg føre.
11. Revisor sin møteplikt og møterett.
Nordfjord Kommunerevisjon har ikkje fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov og forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt.
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.
Revisorar blir tilstades i Kontrollutvalsmøtet.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/20	212	02/21.04.2020	24.04.2020	JOS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 SELJE KOMMUNE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 21. april 2020.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Selje kommune for rekneskapsåret 2019 kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse pr. 31.12.2019
 - driftsrekneskap som viser kr 199 053 079 til fordeling drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 13 083 797 (kr 14.146.958 i 2018)
 - investeringsrekneskap
 - økonomiske oversikter
 - notar, inkl. samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet støttar kommunedirektøren om å setje av overskotet til kommunen sitt disposisjonsfond.

I møtet

Økonomisjef Ole Starheim orienterte og svarte på spørsmål.

Vedlegg

1. Rekneskap 2019 med melding frå revisor 2019, datert 21.04.2020
2. Årsrapport 2019
3. Kommunedirektøren sitt saksframlegg for Rekneskap 2019
4. Kommunedirektøren sitt saksframlegg for Årsrapport 2019

Saksopplysning

Grunnlag for kontrollutvalet si behandling er det avlagde årsrekneskapet, revisjonsmeldinga datert 21.04.2020 og den framlagde årsmeldinga.

Driftsrekneskapen viser kr 199 053 079 til fordeling i drift. (Kr 189.690.80 i 2018)
Rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessege mindreforbruk (overskot) på
Kr 13 083 797 (Kr 14.146.958 i 2018).

Revisor og evt. kommunedirektør/økonomisjef vil i møtet kunne gi supplerande opplysningar.

Nytt revisjonsselskap og oppdragsansvarleg

Revisjonseiningane for kommunar i Sogn og Fjordane og Fylkeskommune har gått saman i eit nytt revisjonsselskap; Vestland Revisjon OF. Tidlegare oppdragsansvarleg for revisjonen av Eid Kommune er blitt pensjonert. Det er derfor ein ny person som har signert revisjonsmeldinga i tillegg til stadleg revisor.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapet er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Notane «1 til 28» side 11-24 i rekneskapsheftet gir gode forklaringar/informasjon og bør lesast.

For meir informasjon viser ein til sjølvre rekneskapsdokumentet.

Årsrapport

Årsrapporten er interessant lesnad og gir godt innblikk.

Mindreforbruk:

Korleis mindreforbruket på kr 13,1 mill fordeler seg på rammeområda går fram av side 16. Sjå også oversikta over kvar avvika frå budsjett ligg, side 17.

Langsiktig gjeld:

Langsiktig gjeld utgjer 235 mill. ved utgangen av 2019. Netto lånegjeld utgjer 94,5% av brutto driftsinntekter. Dette er høgre enn landsgjennomsnittet som er 86,4%, side 13.

Netto lånegjeld pr innbyggjar utgjer pr. 31.12.19 kr 92 001. Dette er over landsgjennomsnittet som er kr 72 360, men under snittet for kommunane i Sogn og Fjordane på kr 97 930, side 14.

Oversikta over Kostra-tal samanlikna mot andre, side 17, gjev ei interessant samanlikning.

Avslutning

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald og ei presisering.

- Revisor uttalar at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019
- og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- Revisor har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/20	216	08./22.04.2019	24.04.2019	JOS/JS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 EID KOMMUNE, EID FJORDVARME KF OG EID INDUSTRIHUS KF

Samrøystes vedtak:

Ut over det som kjem fram nedanfor har Kontrollutvalet, ut frå kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

Vedlegg

1. Oppfølging frå revisjonen
2. Orientering frå revisjonen (powerpoint-presentasjon) Sjå vedlegg 2 i sak 14/20.

Opplysning

Tre revisjonseiningar for kommunar og Sogn og Fjordane Fylke er gått saman i Vestland Revisjon frå 01.01.2020. Tidlegare ansvarleg revisor for Selje Kommune er pensjonert. Det er derfor blitt ny oppdragsansvarleg revisor som har signet revisjonsmeldinga for 2019.

Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre

I Kommuneleva frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommuneleva av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3.Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.
Ny oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.

- Oppdragsansvarleg revisor har levert skriftleg eigenvurdering 21.04.20.*
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.
*Revisor si uavhengigheitserklæring er fersk, sjå punkt 3.
Vi føreset at oppdragsansvarleg- og stadleg revisor vil vurdere si uavhengigheit fortløpande og rapportere om eventuell endring.*
 5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
*Nordfjord Kommunerevisjon har gjennomført revisjonen gjennom året og Vestland Revisjon årsoppgjersrevisjonen.
Kontrollutvalet og Sekretariatet har pr no kun kort tids erfaring med Vestland Revisjon. Vår kjennskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom, utdanning, yrkeserfaring, erfaring med Nordfjord Kommunerevisjon og gjennomgang av møteprotokollar for 2019 for Eid Kontrollutval, utarbeida av tidlegare sekretariat. Siste kvalitetskontroll av Kommunerevisjonen i Nordfjord frå Norges Kommunerevisorsforbund NKRF var i 2017. Kvalitetskontrollen blei gjort på einiga generelt. Vi har fått munnleg opplyst frå tidlegare oppdragsansvarleg revisor at kontrollen ikkje spesifikt retta seg mot revisjonsarbeidet for Eid Kommune. Kontrollen avdekka vesentlege feil og manglar. Oppfølging med nye kontrollar blei gjennomført i 2018 og 2019. Siste oppdatering frå NKRF pr. 25.11.19 viser at forholda er betra og kvalitetskontrollen no er godkjent. Vi forventar at dei tilfredstillande tilhøva som NKRF peika på blir handtert vidare i Vestland Revisjon i samsvar med lov, forskrifter, god revisjonsskikk og god revisorskikk.
Fleire tilsette i Vestland Revisjon vil vere tilstades i møte og orientere og svare på spørsmål.*
 6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
Kontrollutvalet har ikkje hatt samarbeidsavtale med revisjonen. Dette vil vi jobbe for å få med Vestland Revisjon i 2020.
 7. Revisjonsstrategi.
Vi har ikkje fått informasjon om revisjonsstrategi. Av protokollar for 2019 kan vi ikkje sjå at dette er lagt fram for Eid Kontrollutval.
 8. Nummerert brev.
Tilsett i revisjonen har opplyst at Kontrollutvalet ikkje har motteke nummerert brev for året.
 9. Mislegheiter.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
 10. Revisjonsmeldinga.
Revisjonsmelding datert 21.04.2020 ligg føre.
 11. Revisor sin møteplikt og møterett.
Ettersom Vest Kontroll ikkje var kontrollutvalsekretariat for Eid Kommune har vi ikkje kjennskap til i kva grad revisor si møteplikt har blitt etterlevd.
 12. Revisor sin opplysningsplikt.
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og Kontrollutvalet burde hatt.
Revisorar blir tilstades i Kontrollutvalsmøtet.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	037	02./21.04.2020	24.04.2020	JOS

REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 EID FJORDVARME KF

Selskapet skifta namn til Stad Fjordvarme KF frå 1.1.2020.

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 21.04.2020.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Eid Fjordvarme KF kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - ✓ balanse per 31.12.2019
 - ✓ driftsrekneskap
 - ✓ investeringsrekneskap
 - ✓ notar, inkl eit samandrag av viktige rekneskapsprisnipp

Rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 18 912
som et gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr på kr 13 012

I møtet

Dagleg leiar Magne Hjelle orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

1. Rekneskap 2019. Revisjonsmelding for 2019 datert 21.04.2020 ligg i dette dokumentet.
2. Årsrapport 2019 Eid Fjordvarme KF.
3. Styret si behandling av årsrapport i (sak 20-004).
4. Styret si behandling av årsrekneskap i (sak 20-005).

Saksopplysningar

Viser til vedlegga til saka, kontrollutvalssak 14/20 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019, samt gjennomgangen i møtet.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Eid Fjordvarme KF per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen – økonomisk oversikt drift og -investering

Viser til dokumentet som er vedlagt.

Årsrapport

Viser til dokumentet som er vedlagt.

Styret i Eid Fjordvarme KF si behandling av årsrekneskapen og årsrapporten.

Dagleg leiar foreslår slik tilråding til vedtak:

1. «Den framlagde rekneskapen, som viser eit rekneskapsmessig underskot på kr 13.012 vert fastsett som Eid Fjordvarme KF sin rekneskap for 2019.
2. Rekneskapsmessig underskot vert finansiert ved bruk av selskapet sitt disposisjonsfond.»

Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald, men ei presisering.
- Revisor stadfestar at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift,
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga per 31.12.2019 og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.
- Revisor har ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/20	037	02./21.04.2020	24.04.2020	JOS

REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 EID INDUSTRIHUS KF

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 21.4.2020.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Eid Industrihus KF kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse per 31.12.2019
 - driftsrekneskap
 - investeringsrekneskap
 - notar, inkl eit samandrag av viktige rekneskapsprisnipp

Rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på kr 50 356
som et gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 50 356
og overført til selskapet sitt disposisjonsfond.

I møtet

Dagleg leiar Svein Otto Melheim orienterte og svarta på spørsmål.

Vedlegg

1. Rekneskap 2019. Revisjonsmelding for 2019 datert 21.04.2020 ligg i dette dokumentet.
2. Årsrapport 2019 – Eid industrihus.
3. Styret si behandling av årsrekneskap i (sak 20-013).
4. Styret si behandling av årsrapport i (sak 20-014).

Saksopplysningar

Viser til vedlegg i kontrollutvalssak 14/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019, samt gjennomgangen i møtet.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Eid Fjordvarme KF per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av særrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen – økonomisk oversikt drift og -investering

Viser til dokumentet som er vedlagt.

Årsrapport

Viser til dokumentet som er vedlagt.

Styret i Eid Industrihus KF si behandling av årsrekneskapen og årsrapporten.

Dagleg leiar foreslår slik tilråding til vedtak:

3. «Den framlagde rekneskapen, som viser eit rekneskapsmessig overskot på kr 50 356 vert fastsett som Eid Industrihus KF sin rekneskap for 2019.
4. Rekneskapsmessig overskot vert overført til selskapet sitt disposisjonsfond.»

Avslutning

Revisjonsmeldinga er det vi kallar ei rein revisjonsmelding, då den ikkje inneheld verken atterhald eller presiseringar. Revisor stadfestar at:

- årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift

- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga per 31.12.2019 og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.
- Revisor har ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/20	212	06./21.04.2020	24.04.2019	JoS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 EID KOMMUNE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 21. april 2020.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Eid kommune for rekneskapsåret 2019 kan godkjennast. Årsrekneskapen består av:
 - balanse pr. 31.12.2019
 - driftsrekneskap som viser kr 391 217 746 til fordeling drift
 - eit rekneskapsmessege mindreforbruk (overskot) på kr 12.181.854
 - investeringsrekneskap
 - økonomiske oversikter og notar, i dette samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
3. Kontrollutvalet støttar kommunedirektøren om å setje av kr 2 181 854 av overskotet til disposisjonsfond og kr 10 million til rente- og avkastningsfond (bunde fond).

Vedlegg

1. Rekneskap 2019 med melding frå revisor, datert 21.04.2020
2. Årsrapport 2019
3. Kommunedirektøren sitt saksframlegg for rekneskap 2019
4. Kommunedirektøren sitt saksframlegg for Årsrapport 2019

Saksopplysning

Grunnlag for kontrollutvalet si behandling er det avlagde årsrekneskapet, revisjonsmeldinga datert 02.04.2020 og den framlagde årsmeldinga.

Revisor og evt. kommunedirektør/økonomisjef vil i møtet kunne gi supplerande opplysningar.

Driftsrekneskapen viser kr 391 217 746 til fordeling i drift.

Rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessege mindreforbruk (overskot) på Kr 12.181.854.

Nytt revisjonsselskap og ny oppdragsansvarleg

Revisjonseiningane for kommunar i Sogn og Fjordane og Fylkeskommune har gått saman i eit nytt revisjonsselskap; Vestland Revisjon OF. Tidlegare oppdragsansvarleg for revisjonen av Eid Kommune er blitt pensjonert. Det er derfor ein ny person som har signert revisjonsmeldinga i tillegg til stadleg revisor.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapet er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema. Notane «1 til 29» side 11-28 gir gode forklaringar/informasjon.

For meir informasjon viser ein til rekneskapsheftet.

Årsrapporten er interessant lesnad og gir godt innblikk.

Mindreforbruk:

Korleis mindreforbruket på kr 12,2 mill fordeler seg på rammeområda går fram av side 15 og 16. Sjå også oversikta over kvar avvika frå budsjett ligg, side 16.

Lånegjeld:

Vi vil peike på den høge lånegjelda. Langsiktig gjeld utgjer kr 764,7 mill. ved utgangen av 2019. Netto lånegjeld utgjer 115,5% av brutto driftsinntekter. Dette er høgre enn landsgjennomsnittet som er 86,4%, side 12.

Netto lånegjeld pr innbyggjar utgjer pr. 31.12.19 kr 114 716. Dette er langt over landsgjennomsnittet som er kr 72 360 og snittet for kommunane i Sogn og Fjordane på kr 97 930, side 13 og 14.

Oversikta over Kostra-tal samanlikna mot andre, side 17, gjev ei interessant samanlikning.

Avslutning

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald, men ei presisering.

- årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- har ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	033	03.04.2020	24.04.2020	JS

AJOURFØRT MØTEPLAN 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet at det i tillegg til vedteke møteplan skal vere eit møte i utvalet den 16.10.2020.

Vedlegg

Saksopplysningar

I møte den vart et gjort vedtak for møte i kontrollutvalet desse dagane:

27. mars, 24. april, 19. juni, 11. september og 20. november.

Det var og tanken at vi skulle ha eit møte i oktober. Dette hadde falle ut.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	217	03.04.2020	24.04.2020	JS

BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE FOR FORVALTNINGSREIVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet bestiller overordna analyse (risiko- og vesentlegheitsanalyse) av kommunen verksemd og verksemda i kommunen sine selskap i råd med ny kommunelov § 23-3 frå Vestland Revisjon KO.

Kontrollutvalet forventar at analysen vert levert i løpet av våren 2020.

Grunnlag for saka

Ny kommunelov seier dette om forvaltningsrevisjon i § 23-3):

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Saksopplysningar

Som det går fram av lova omfattar no analysen også forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap. Årsaka til det er at kontrollen av kommunale tenester skal handsamast likt uansett om kommunen løyser oppgåvene sjølve eller gjennom eit selskap.

Vestland revisjon har fått munnleg tinging av overordna analyse. Ut frå det her ein forventning om at analysen vil ligge føre i løpet av våren 2020, sjølv om den formelle bestillinga først skjer no.

Det er forventa at den overordna analysen peikar på konkrete forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	212	14.04.2020	24.04.2020	JOS

BYGGEREKNESKAP/SLUTTREKNESKAP – KJØLSDALEN BUSTADFELT

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 17.01.2020, i høve byggerekneskap/sluttrekneskap for Kjølssdalen Bustadfelt.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Kjølssdalen Bustadfelt - med ein total byggekostand på kr 8 757 565 inkl. mva kan godkjennast.

Vedlegg

1. Uttale i høve byggerekneskap frå revisjonen inkl. byggerekneskap. Datert 17.01.2020.

Saksopplysning

Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.

Revisor har gjort ein avgrensa revisjon av byggerekneskapen for Kjølssdalen Bustadfelt.

Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 8 757 565 inkl. mva.

Finansieringsvedtaka blei gjort i kommunestyret i,

- sak 188/17
- sak 114/09
- sak 132/08
- sak 159/07

Det står att kr 1 498 926 i ubrukte midlar på budsjettet for prosjektet.

Ein viser til kommunedirektøren/økonomisjefen sitt saksframlegg til formannskap og kommunestyret for fleire opplysningar.

Revisor vil kunne orientere og svare på spørsmål i kontrollutvalsmøtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	216	22.04.2020	24.04.2020	JS

REVISOR SI VURDERING AV UAVHENGIGHEIT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheitsvurdering til vitende.

Vedlegg

Revisor si vurdering av uavhengighet av 17.04.2020

Saksopplysninger

Ny kommunelov og ny Forskrift om kontrollutval og revisjon stiller slike krav til vedkomande uavhengighet:

Kommunelova:

§ 24-4.Revisors uavhengighet ogandel.

Revisor skal være uavhengig og ha godandel.

Forskrifta:

§ 16 Krav til revisors uavhengighet.

Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Vestland Revisjon har i brev av 17.04.2020 v/oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor Asgeir Tveit gitt vurdering i samsvar med lovverket. Ein viser til brevet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	033	22.04.2020	24.04.2019	JS

ENGASJEMENTSBREV STAD KOMMUNE FRÅ REVISJONEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek Engasjementsbrevet frå Vestland Revisjon som er signert 17.04.2020 til orientering.

Vedlegg

Engasjementsbrev frå Vestland Revisjon med dokumentdato 22.01.2020 signert 17.04.2020, motteke 21.04.2020.

Saksopplysninger

Vi viser vedlagde Engasjementsbrevet som vert lagt fram utan nærare saksbehandling.

Revisjonen stilte i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
25/20	040	23.04.2020	24.04.2020	JS/KK

BRUK AV HASTEPARAGRAF

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tilrår at saka om aksjeteikning i Nordfjordeid Næringshage AS vert behandla i kommunestyret til erstatning for formannskapet sitt vedtak med heimel i kommunelova § 11-8.

Vedlegg

- Særutskrift av F-sak 20-033, møte 12.03.2020, **vedlegg 1**
- E-post (2) av 13.04.2020 frå kommunestyrerepresentant Rita Karin Nyland, **vedlegg 2**
- Epost av 21.04.2020 frå advokat Kjetil Kvammen til Vest kontroll, **vedlegg 3**
- Epost av 21.04.2020 frå ordførar Alfred Bjørlo til Vest kontroll, **vedlegg 4**

Saksopplysningar

Stad formannskap vart i møte den 12.03.d.å. presentert for planane om ein retta aksjeemisjon i Nordfjordeid Næringshage AS, org.nr. 982743397, kombinert med endring til Inviro AS som nytt føretaksnamn. Kommunedirektøren hadde innstilt på at Stad kommune skulle teikne seg for kr. 499.980 i aksjar. Framlegget bygde m.a. på teikningsinnbyding av 18.02.2020 presentert av prosjektleiar Trond Haavik. Beløpet til innbetaling utgjer 25 % av den nye planlagde kapitaltilførselen. I Nordfjordeid Næringshage AS hadde Eid kommune frå 2012 2,46 % av aksjane, med innskoten kapital kr. 16.000.-.

I Haavik sin presentasjon «Invitasjon til aksjeteikning», datert 17.02.2020, til kommunen er det føresett at minst kr. 1.999.920 i ny aksjekapital skulle teiknast i ekstraordinær generalforsamling den 30.03.2020. Der skulle også namneendringa vedtakast. Det vert elles gjort greie for den interessa offentlege og private har vist for satsinga, men det er ikkje opplyst noko om at nokon har gitt førehandstilsegn om teikning.

I aksjeinvitasjonen til kommunen skriv prosjektleiaren i invitasjonen m.a.:
«Vi vonar det er mogleg med svar innan 30.3.20. Om de treng meir tid er det fint om de kan informere om dette, slik det evt kan gjennomførast ny emisjon på ordinær generalforsamling til sommaren»

Styret sitt framlegg til kapitalauken i selskapet går fram av innkallinga til den ekstraordinære generalforsamlinga den 30.03.2020. Det heiter her m.a.:

«5. Dei nye aksjane vert teikna i Generalforsamlingsmøtet»

Det betyr at teikningsfristen var 30.03.2020.

Formannskapet gjorde dette **vedtaket**:

«Stad kommune teiknar seg for 130 aksjar til teikningskurs kr. 3.846.- (kr. 499.980.-) i selskapet INVORO AS.

Endeleg vedtak i saka er gjort av formannskapet, med heimel i §13 i kommunelova. Melding om vedtaket som er gjort med heimel [i] denne paragrafen skal leggest fram for kommunestyret i neste møte».

I epost 23.03.d.å. til kommunen opplyser dagleg leiar Trond Haavik at styret i selskapet i veka før, dvs. veke 12, hadde teke avgjerd om å utsetje den ekstraordinære generalforsamlinga grunna korona-situasjonen.

I epost 21.04.d.å. syner ordføraren til at hastekompetanse er delegert til formannskapet. Slik delegasjon går fram av pkt. 3.3. i reglement for delegering m.v. i Stad kommune.

Vidare opplyser ordføreren i same epost at under formannskapet sitt møte den 12.03.d.å. vart det klart at kommunestyremøte 19.03.2020 ikkje ville vere mulig å gjennomføre som planlagt. Formannskapet vedtok difor å nytte hasteparagrafen «for å sikre at Stad kommune kunne delta i aksjeemisjon på planlagt generalforsamling 30. mars 2020, og dermed sikre framdrifta i denne viktige samfunnsutviklings-saka for Stad kommune som det var tverrpolitisk støtte til både i fagutval og formannskap».

Vurdering

Generelt, hastesaker

Kontrollutvalet sitt mandat er å føre kontroll og tilsyn med forvaltninga. Kontrollutvalet har i utgangspunktet ein sjølvstendig innsynsrett som gjeld alle forhold som utvalet finn det nødvendig å undersøke.

Kommunestyret har gjennom delegasjonsreglementet på generelt grunnlag gitt formannskapet mynde til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av eit anna organ, i dette tilfelle kommunestyret.

Realiteten i saka, dvs. om det skulle eller burde vore gitt fullmakt til teikning av aksjar eller ikkje, ligg utanfor kontrollutvalet sitt mandat å ta stilling til eller vurdere. Kontrollutvalet ser såleis åleine på sakshandsaminga og om vedtaket i formannskapet ligg innafør lova og er gyldig.

Kontrollutvalet har i utgangspunktet ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret ettersom utvalet er underordna kommunestyret. Det same må gjelde i saker der formannskapet opptrer i eigenskap av kommunestyre. Men utvalet kan likevel uttale seg dersom formannskapet har gjort, eller er i ferd med å treffe, eit vedtak som vil vere i strid med lova, (jfr. Kontrollutvals-boka, KMD 2.utg., side 12).

Vurderingstemaet i saka

Regelen i kommunelova av 1992 § 13 om utvida mynde i hastesaker er vidareført i no gjeldande kommunelov.

Aktuell bestemmelse i kommunelova § 11-8 første ledd, første punktum, (hasteparagrafen) lyder:

«§ 11-8. *Hastesaker*

Kommunestyret ... kan selv gi formannskapet, et utvalg etter § 5-7 eller ordføreren myndighet til å treffe vedtak i saker som skulle ha vært avgjort av et annet organ, når det er nødvendig å treffe et vedtak så raskt at det ikke er tid til å innkalle det organet som skulle ha avgjort saken.»

Lova sitt vilkår for bruk av dette myndet er at det er påkrevd at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å innkalle kommunestyret som eigentleg skulle fatte vedtaket.

Spørsmålet i saka er såleis om det låg føre ein situasjon som gjorde at ein ikkje kunne vente på ei handsaming i kommunestyret.

Forarbeid til lovene

Av lovforarbeida bak dette regelsettet kan nemnast:

Ot.prp. nr. 42 (1991-1992) – kommuneloven (side 269):

«Bruk av hastekompetansen er knyttet til tilfeller hvor det ikke er tid til å innkalle det organet som har myndighet i saken. Dette innebærer at det bare er i de situasjoner hvor det er fysisk umulig å få sammenkalt det kompetente organ, at hastekompetanse kan brukes. Var det mulig å sammenkalle rett organ, er vedtaket truffet av galt organ, og dette vil kunne bety at det er ugyldig.»

Prop. 46 L (2017-2018) kommuneloven, side 159-160)

«Departementet vil understreke at det skal noe til før en hastefullmakt kan benyttes. Adgangen må sees i sammenheng med bestemmelsen om fjernmøte i det organet som i utgangspunktet har fullmakt til å treffe den aktuelle avgjørelsen. Kommunene bør i størst mulig grad vurdere [side 160] om det er mulig å treffe en avgjørelse i et fjernmøte framfor at saken behandles etter bestemmelsen om hastesaker.»

Ein dom i Larvik tingrett set fokus på nettopp dette:

«Tidsfaktoren gjorde det ikke nødvendig for formannskapet å treffe vedtak. Etter rettens oppfatning lå forholdene heller slik an at formannskapet skulle ha avgitt innstilling og oversendt saken til kommunestyret ...»

Oppsummering

Om det ligg føre ein hastesituasjon som fyller krava i kommunelova § 11-8 må vurderast konkret. Ei hastesak er det først når det ligg føre knappheit på tid og viktige interesser vert skadelidande om ikkje kommunen gjer vedtaket innan den korte tida som står til rådvelde.

Situasjonen var uoversiktleg for framtidige kommunestyremøte. Prosjektleiaren som presenterte aksjeinnbydinga hadde imidlertid gjort det klart at det teikningsfristen den 30.03.2020 ikkje var absolutt. Det var opplyst at teikning også kunne gjennomførast til sommaren.

Det var truleg best for Nordfjordeid Næringshage AS at fullmakter til teikning vart klare så tidleg som råd, men uttalen frå prosjektleiar tyder på at tidsfaktoren ikkje avgjerande for korkje realisering av prosjektet eller prosjektframdrifta.

Formannskapet synest ikkje å ha stilt fleire spørsmål omkring dette, for eksempel i høve til eventuell risiko for at minste teikningsbeløp ikkje vart oppnådd den 30.03.2020 utan at kommunen var med, slik at emisjonen då ville falle bort.

Formannskapet vurderte såleis ikkje å ta atterhald om at teikningsfullmakta berre skulle nyttast dersom kommunen si teikning var nødvendig for å nå minimumskapitalen (aksjelova § 10-8, «utilstrekkelig teikning»). Det vart ikkje utgreidd nærare om prosjektet ville bli skadelidande ved å vente på godkjenning utan nokon fast dato for kommunestyret si godkjenning. Det var ukjent om fleire ikkje kunne halde fristen.

Ein må tru at å vente på kommunestyret si godkjenning ville vere så forventa at det ikkje ville føre til nokon negativ effekt eller innebere noko uvisse overfor andre potensielle som vurderte å teikne seg til støtte for prosjektet.

Der var allereie pr. 12.03.2020 høve til å gjennomføre fjernmøte i kommunestyret, jfr. kommunelova § 11-7.

Ut frå det ovanstående vurderer vi det slik at det vanskeleg kan seiast å ligge føre ein reell hastesituasjon som er klar nok i høve til kommunelova § 11-8.

OPPLYSNING

Kontrollutvalet oppmodar kommunen om at delegasjonsreglementa må bli meir oversiktlege og tilgjengelege.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte